



Notat

Dato: 29.07.2019
Arkivsak: 2019/2930-4
Saksbehandlar: tonhaug

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Regionreforma - Invitasjon til drøftingsmøte med kulturdepartementet om oppgåvefordeling på kulturområdet

I samband med regionreforma, og i samsvar med dei aktuelle stortingsmeldingane, har Kulturdepartementet sett i gang ein prosess med mål om overføring av oppgåver, ansvar og midlar frå stat til fylkeskommunar. Det vert såleis invitert til innleiande drøftingsmøte. For Vestland fylkeskommune er datoен for møtet 3.september 2019.

Slik fylkesrådmannen ser det vil drøftingane i hovudsak omhandle overføring av oppgåver og budsjettmidlar frå staten til fylkeskommunen. Dette tyder i praksis at drøftingane er avgrensa til verksemder som no mottek driftstilskot over statsbudsjettet. Fylkeskommunane vert vidare bedne om å vurdere kulturrådet sine verkemiddel og konkrete tilskotspostar med tanke på overføring til fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen vil og, med tanke på eit heilskapleg bilete av det regionale kulturområdet, peike på dei mange viktige kulturverksemndene med høg regional verdi som i dag ikkje mottek driftsstønad frå staten.

Bakgrunn

Kulturdepartementet inviterte fylkeskommunane til orientering og dialog under oppstartsmøtet på Gardermoen 21. mai 2019, der Hordaland fylkeskommune var representert administrativt og politisk. Det vart då varsla møte med den enkelte fylkeskommune på administrativt nivå hausten 2019.

I invitasjonsbrevet av 7.juni frå departementet vert også planar for desse drøftingsmøta og milepælar i den vidare prosessen fram mot oppgåveoverføring lagt fram.

Frå Kulturdepartementet skal representantar for dei berørte avdelingane delta, med avdelingsdirektør Øystein Strand som møteleiar. KS er invitert til å delta som observatør i alle møta for å ivareta eit heilskapleg perspektiv på vegne av kommunesektoren.

Kulturdepartementet streker under at hovudføremålet med drøftingane er å overføre budsjettmidlar frå staten til fylkeskommunane som oppfølging av kulturmeldinga og regionreforma. Det kulturpolitiske målet er å styrke kulturen og heve statusen og engasjementet for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå. På den måten vert kulturpolitikken i større grad ei nasjonal satsing kor verkemiddel og tiltak på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå inngår.

Grunnlag for drøfting

Føremålet med det innleiande møtet er å gå gjennom aktuelle oppgåve- og ansvarsområde og vurdere overføring av budsjettmidlar under dei ulike områda frå staten til fylkeskommunane. Målet er å kome fram til eit felles utgangspunkt for den vidare prosessen.

Drøftingane vil mellom anna handle om kva verkemiddel og konkrete tilskotspostar som kan overførast i sin heilskap til fylkeskommunal forvaltning, og kva institusjonar som bør inngå i eit nasjonalt nettverk av profesjonelle musikk- og scenekunstinstitusjonar med delt forvaltningsansvar mellom stat og region. Vestland fylkeskommune vil i denne samanhengen vurdere naudsynt medverknad frå kommunal sektor. Dette gjeld i første rekke kommunar som Bergen og Sunnfjord som allereie inngår kulturpolitisk samarbeid om profesjonelle musikk- og scenekunstinstitusjonar. På dette feltet ber departementet fylkeskommunen om å fasilitere regionale drøftingsmøte til hausten med involvering av kommunar og aktørar i kultursektoren. Her vil ein ta utgangspunkt i resultatet frå det innleiande møtet mellom departementet og fylkeskommunen.

Kulturdepartementet ønskjer å drøfte ansvarsfordeling og budsjettmidlar knytt til tre oppgåveområde:

1. *Regional tilrettelegging for profesjonell kunstnarisk verksemd, jf. kulturlova § 4 og 5.*

Drøfting av ein struktur av regionale ressurs- og kompetancesenter for profesjonell kunst, og samordning av og overføring av ansvar for tiltak som i dag blir forvalta av kompetancesenter for musikk og dans, og regionale kunstsenter, forfattarsenter, filmsenter og tilsvarande.

2. *Eit utvida ansvar for kulturoppgåver på regionalt nivå, jf. kulturlova § 4 og 5.*

Identifisere tiltak på statsbudsjettet med sterkt lokal eller regional forankring, som ikkje har ein etablert posisjon på nasjonalt nivå.

3. *Eit utvida regionalt ansvar for profesjonelle kulturinstitusjonar med eit nasjonalt mandat, jf. kulturlova § 3, 4 og 5.*

Prinsippet om delt finansiering mellom stat og region for eit nasjonalt nettverk av musikk- og scenekunstinstitusjonar blir vidareført, samt musea i det nasjonale museumsnettverket. Det skal vere minst éin institusjon med delt finansiering i kvart fylke. Kulturdepartementet og fylkeskommunane må før møta vurdere kva institusjonar som bør forvaltas regionalt og kva staten skal vidareføre ansvaret for. Ordninga med faste fordelingsnøklar knytt til staten sitt budsjettvedtak vert ikkje vidareført. Departementet vil drøfte nye fordelingsnøklar for finansiering av musea i det nasjonale museumsnettverket og institusjonar i eit nasjonalt nettverk for musikk- og scenekunstinstitusjonar. Fylkeskommunane blir bedt om å kome med konkrete forslag til prosentfordeling, der den regionale prosentdelen skal utgjere hovuddelen av tilskotet.

Kulturmeldinga, Stortingsmelding 8 (2018-2019) «Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida», vart vedteke av Stortinget 14.05.19 og legg grunnlaget for vidare dialog mellom forvaltningsnivåa. Overføringa av oppgåver er varsle gjeldande frå 2021.

Vidare vert det peika på følgjande verkemiddel der regjeringa vil følgje opp;

- Initiere systematisert dialog mellom kulturdepartementet og fylkeskommunane.
- Bruke konsultasjonsordninga mellom kommunesektoren (KS) og regjeringa.
- Gjennomgå kulturlova for å sikre kulturområdet som del av kommunal og regional planlegging, styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivåa, og sikre prinsippet om armlengds avstand.
- Vurdere å tydeleggjere nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging i tråd med nasjonale kulturpolitiske mål, jf. PBL § 6-1.

Det mest konkrete som er varsle til no er det varsle at fylkeskommunane får oppgåver overført innan kulturarv og friluftsliv.

Departementet følgjer med denne prosessen opp Stortinget sitt vedtak. Målet er at når Kommuneproposisjonen for 2021 leggast frem for behandling i Stortinget i mai 2020 skal den innehalde forslag frå KUD basert på oppnådd semje med fylkeskommunane om oppgåveoverføringer på kulturområdet.

Framdrift

Kulturdepartementet har sett opp denne tidsplanen for arbeidet med å avklare ei oppgåveoverføring frå stat til fylke:

2019	
03. september	Innleiande drøftingsmøte mellom Vestland fylkeskommune og kulturdepartementet
Oktober – desember	Fylkeskommunane initierer drøftingsmøter i regionen med involvering av relevante aktørar
Oktober - november	Bilateralt møte med KS: Signering av bilateral avtale.

2020	
Januar	Forventa einigheit mellom KUD og kvar fylkeskommune om forslag til ny oppgåvefordeling. Denne vert fremja til Stortinget for behandling i Kommuneproposisjonen for 2021 og KMD og KUD sine budsjettproposisjonar for 2021.
Ultimo mars	Frist til KMD: Omtale av oppgåveoverføringer på kulturområdet i Kommuneproposisjonen
03. april	Framlegg til utvida kulturlov vert fremja for Stortinget før påske, med verknad frå 1.1.2021 (parallelt med oppgåveoverføringane).
Mai	Kommuneproposisjonen vert lagt fram for handsaming i Stortinget, med framlegg frå KUD basert på det ein er einig med fylkeskommunane om oppgåveoverføringer på kulturområdet.
Oktober	Regjeringa legg fram budsjettproposisjon for 2021 for Stortinget
Desember	Stortings handsamar statsbudsjettet, med ny oppgåvedeling på kulturområdet
Januar 2021	Oppgåveoverføringer på kulturområdet trer i kraft

Fylkeskommunale prinsipp for drøftingane

1. Etter vedtak i både Hordaland og i Sogn og Fjordane fylkeskommune om regionreforma støtter fylkesrådmannen dei grunnleggande målsettingane i kulturmeldinga og regionreforma om å overføre budsjettmidlar frå staten til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen støtter det kulturpolitiske målet som er å styrke kulturen og heve statusen for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå.
2. Fylkesrådmannen legg til grunn at staten framleis skal ha ansvar for overordna oppgåver som krev eit nasjonalt overblikk. Staten skal vidare, gjennom oppfølging og revisjon av kulturlova, legge grunnlaget for ein sterkt nasjonal kulturpolitikk. Staten må og ha ansvar for å vidareføre tilskot til verksemder som er spesialiserte og/eller unike i nasjonal samanheng, og gje tilskot til det arbeidet

landsomfattande frivillige organisasjoner gjer for å styrke og bygge opp under lokal og regional aktivitet.

3. Fylkesrådmannen legg til grunn at overføring av oppgåver medfører full økonomisk kompensasjon på 2021-nivå.
4. Fylkesrådmannen legg til grunn at det kulturpolitiske ansvar for den nasjonale kulturpolitikken vert tydeleggjort mellom forvaltningsnivåa.
5. Fylkesrådmannen er positiv til at prinsippet om delt finansiering for eit nasjonalt nettverk av musikk- og scenekunstinstitasjonar vert vidareført. I utgangspunktet kan dette gjelde verksemder som no får tilskot via Post 70 *Nasjonale institusjonar*, Post 71 *Region-/landsdelsinstitusjoner* og Post 73 *Distrikts- og regionopera*.
6. Fylkesrådmannen støtter at ordninga med faste fordelingsnøklar knytt til Stortingets budsjettvedtak skal opphøyre. Fylkesrådmannen er vidare positiv til prinsippet om at den regionale prosentdelen skal utgjere hovuddelen av tilskotet. Fylkesrådmannen føreset at dette prinsippet vert handert likt for alle sentrale kulturinstitasjonar med nasjonalt mandat.
7. Fylkesrådmannen er positiv til Kulturrådet si tilråding om utvikling av ein struktur av regionale ressurs- og kompetancesentra for profesjonell kunst innanfor ulike uttrykk og sjangrar. Det er allereie gode røynsler med slike sentre innanfor kunst, musikk, litteratur, visuell kunst, film m.v. Det er viktig at regionalpolitisk planlegging og regionale behov vert lagt til grunn for denne utviklinga.
8. Fylkesrådmannen føreset at det vert lagt opp til forpliktande, formalisert dialog mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet, både politisk og administrativt. Fylkeskommunen kan gjerne ha eit ansvar for å fasilitere denne dialogen.
9. Det er naudsynt å drøfte ansvar og prinsipp for styreoppnemning.
10. Fylkesrådmannen legg til grunn at eigarskap til kulturinstitasjonane vert del av drøftinga.
11. Fylkesrådmannen støtter prinsippet om at Norsk Kulturråd framleis må ha ansvar for tilskotsordninger der vedtak vert gjort på grunnlag av kunst- og kulturfagleg skjønn, ut frå ei brei søkermasse frå heile landet. (I hovudsak prosjektstøtte, innkjøpsordningar og stipend frå Kulturfondet). Fylkesrådmannen legg likevel til grunn at driftstøtte til kulturinstitasjonar, - verksemder og festivalar vert overført til fylkeskommunane på lik line med driftstøtte frå statsbudsjettet.
12. Fylkesrådmannen ser det slik at omgrepet «regional» innfattar kulturpolisk samhandling og samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunal sektor. Det er i denne samanheng særleg viktig å peike på Bergen kommune som har ei sterkt og viktig kulturpolisk rolle som må ivaretakast.